

**AVTALE OM UTLÅN, BRUK OG ELEKTRONISK PUBLISERING AV
MASTEROPPGÅVE / HOVEDOPPGÅVE**

mellom Universitetsbiblioteket (heretter kalla UBiT) på vegne av Noregs teknisk-naturvitskaplige universitet med fakultet/institutt (heretter kalla NTNU), og

FORFATTARENS NAMN (BRUK BLOKKBOKSTAVAR):
TITTEL PÅ OPPGÅVA:

RETT TIL BRUK OG UTLÅN (se pkt. 1 på baksida for nærare forklaring og vilkår)

JA, eg gir med dette NTNU løyve til å låne ut masteroppgåva/hovedoppgåva mi utan samtykke i uavgrensa tid:

Her skal du berre svare dersom du **ikkje** svarte ja på spørsmålet over:

Masteroppgåva/hovedoppgåva vert klausulert og kan ikkje lånast ut utan samtykke frå forfattere før utløp av klausulperioden, som frå denne dato er på:

6 mnd. 1 år 2 år 5 år Uavgrensa

JA, eg gir med dette NTNU løyve til å kopiere opp masteroppgåva/hovedoppgåva mi for seinare *intern bruk* i forskning og undervising:

Her skal du berre svare dersom du **ikkje** svarte ja på spørsmålet over:

Masteroppgåva/hovedoppgåva kan ikkje utan samtykke frå forfattere kopierast opp for *intern bruk* i forskning og undervising før utløp av klausulperioden :

RETT TIL ELEKTRONISK PUBLISERING (se pkt. 2-7 på baksida for nærare forklaring og vilkår)

Vil forfattere med dette gje NTNU løyve til at masteroppgåva/hovedoppgåva kan publiserast på Internett i NTNU sitt institusjonelle arkiv (etter utløp av ein evt. klausulperiode)?

Ja

Nei

EVT. MERKNADER:

Eg har lese og akseptert vilkåra på baksida av avtalen for bruk og utlån, samt publisering av oppgåva mi på Internett via NTNU sitt institusjonelle arkiv.

.....
STED/DATO

.....
FORFATTAREN SIN SIGNATUR

.....
STED/DATO

.....
REPRESENTANT FOR UBiT/NTNU (V/ INSTITUTT/EINING)

Innleiing

Avtalen gjeld ferdig sensurerte masteroppgåver/hovedoppgåver etter at klagefristen har gått ut. Forfattaren kan når som helst trekkje sitt samtykke tilbake på eit eller fleire punkter med umiddelbar verknad, men dersom avtalen har tredd i kraft gjeld innhaldet i pkt. 6.

1 Rett til bruk og utlån

Ei masteroppgåve/hovedoppgåve kjem inn under åndsverklova si avgjerd om opphavsrett. Oppgåva kan derfor ikkje gjerast offentleg eller brukas utan samtykke frå forfattaren.

Å klausulere inneber å leggje avgrensingar på bruken av oppgåva. Vi ber om at du vurderer nøye kor nødvendig det er å leggje klausul på oppgåva, og dersom ho må klausulerast, om klausulen kan avgrensast i tid. Vanlege grunner for klausulering er dersom oppgåva er tenkt brukt i seinare arbeid med tanke på publikasjon, at ho inneheld taushetsbelagte eller sensitive opplysingar.

Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vert lagt klausul på oppgåva di dersom du ikkje sender inn dette skjemaet ferdig utfylt innan tre uker etter at du er uteksaminert. Dette inneber at oppgåva fritt kan lånast ut og kopierast for intern bruk ved NTNU. Oppgåva vil likevel ikkje bli publisert elektronisk etter pkt. 2 utan at dette skjemaet er signert.

2 Rett til elektronisk publisering

2.1 Etter utløp av ein eventuell klausulperiode gir eg med dette NTNU ein vederlagsfri, ikkje-eksklusiv rett til å gjere masteroppgåva/hovedoppgåva, heretter kalla oppgåva, tilgjengeleg i elektronisk form i NTNU sitt til ei kvar tid gjeldande institusjonelle arkiv. Dette inneber at oppgåva vert publisert på Internett.

Forfattaren er klar over og aksepterer dei konsekvensar som kjem av å gjere oppgåva tilgjengeleg på Internett. Mellom anna inneber dette at andre nettstader kan lenke til oppgåva. Oppgåva vil bli søkbar med tittel, forfattar, år og samandrag på ulike søkemotorar på Internett, og vil bli publisert på ein sånn måte at det er mogleg å ta utskrift av dokumentet.

3 NTNU sine plikter

3.1 NTNU skal publisere oppgåva slik ho vart levert til NTNU; med tekst, tabellar, grafikk, bilete og so beint, men med dei tekniske tilpassingar som er nødvendige for publisering på Internett.

3.2 NTNU skal beskytte oppgåva mot å bli endra av uvedkommande/tredjepart, i samhøve med NTNU sitt til ei kvar tid gjeldande vedtak om sikkerheit.

3.3 NTNU får ikkje råderett over oppgåva utover det som kjem fram av denne avtalen.

4 Forfattaren sine plikter

4.1 Oppgåva som vert levert til publisering, skal være den same som ho som vart levert til sensur. Forfattaren skal følgje NTNU si rettleiing for publisering.

4.2 Forfattaren står inne for at han/ho er opphavsmann til oppgåva som er levert inn og har fullstendig råderett over oppgåva i si heilheit. Om andre har opphavsrettar som utelukkar at oppgåva vert gjort tilgjengeleg i elektronisk form via NTNU sitt institusjonelle arkiv utan løyve frå tredjepart, må forfattaren sjølv skaffe dei nødvendige løyvene frå desse. Forfattaren går god for at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett eller inneheld lenker eller andre koplingar til slikt materiale.

4.3 Dersom oppgåva er innlevert av fleire i fellesskap, må alle inngå avtale om publisering, dvs. at alle må skrive under denne avtalen.

4.4 Dersom forfattaren planlegg å publisere oppgåva eller deler av ho i eit tidsskrift eller ved eit forlag, står forfattaren inne for at han/ho har innhenta dei nødvendige løyver frå tredjemann på førehand.

Dersom forfattaren inngår avtalar med andre om rett til å publisere oppgåva, (typisk tidsskrifter og forlag), skal forfattaren ivareta og beskytte NTNU sine rettar etter denne avtalen.

4.5 Dersom NTNU blir gjort erstatningsansvarleg overfor ein tredjepart på grunn av at forfattaren ikkje oppfyller sine plikter etter denne avtalen, er forfattaren forplikta til å halde NTNU fri for skade.

5 Overføring av avtalen

5.1 NTNU kan berre overføre sine rettar og/eller plikter i samsvar med denne avtale til tredjepart såframt forfattaren sine interesser etter avtalen blir tatt i vare i overføringsavtalen.

6 Opphør av avtalen

6.1 NTNU har ein uavgrensa rett til å avbryte publisering av oppgåva.

6.2 Forfattaren har rett til å seie opp avtalen skriftleg. NTNU skal fjerne oppgåva frå sine sider på Internett så snart som råd og seinast 6 månader etter dei har tatt i mot oppseiinga.

7 Ansvar

7.1 NTNU er ikkje ansvarleg for innhaldet i den publiserte oppgåva. NTNU har ikkje noko ansvar for skader som vert påført forfattaren sine interesser med mindre skaden/e skyldes forsett eller grov uaktsemd frå NTNU eller frå nokon som NTNU svarer for.

Avtalen er skrive og underteikna i to like eksemplar. Partane beheld kvart sitt eksemplar.